

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent.

Møtetid: onsdag 3. desember 2014, kl. 12.15.

Stad: grupperom H, Sydneshaugen skule.

Til stades:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari E. Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Kjetil Berg Henjum (tysk)

Frå gruppe B: Dania Bonness.

Frå gruppe C: Hild Meland Rød

Frå gruppe D: Lars Ask og Lusine Mkrtchyan.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader. Jørgensen melde ei sak under eventuelt.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 24. september 2014

Referatet ligg på www.framandsprak.uib.no: om instituttet – råd og utval – instituttrådet – referat frå instituttrådet. Sidan referatet ikkje har vore sendt ut på vanleg måte, blir fristen utsett til 10. desember. Eventuelle merknader må sendast til arve.uthaug@if.uib.no.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Instituttet har fleire stillingar under utlysing og tilsetjing: på engelsk lingvistikk startar både Haumann og Nykiel i stillingane 1. januar, Wiik tek til som førsteamanuensis i brasilkunnskap i august, Erik Tønning blir mellombels tilsett frå årsskiftet i påvente av tilsetjing etter kalling. To stillingar i engelsk fagdidaktikk og ei stilling i arabisk er send over til fakultetet for utlysing. Fakultetet er i ferd med å tilsetja i stipendiatstillinga øyremerkte japansk. Instituttet får lov til å lysa ut to nye stipendiatstillingar våren 2015 med tilsetjing frå 1. januar 2016.
- B. Referatet frå styringsdialog mellom fakultetet og instituttet hausten 2014 er sendt ut til medlemmane av rådet.
- C. Instituttleiinga hadde ingenting å melda frå fakultetsstyret bortsett frå tilsetjingssakene under A over.
- D. Vi ventar på budsjettvedtak frå fakultetet i desember, slik at instituttet kan ha oppe rekneskap for 2014 og budsjett for 2015 på første rådsmøtet i det nye året.
- E. Undervisningsplanlegginga for våren 2015: Uthaug sender ut til rådsmedlemmane eit oversyn over vikarbruken på alle faga i vårsemesteret.

Sak 4 – høyring om innstegsstillingar

Fleire i rådet var skeptiske eller spørjande til ordninga det er gjort framlegg om. Instituttleiar streka under at ei ordning med innstegsstillingar kan bli ein mogleg tilsetjingsmåte i nokre få tilfelle, men at det ikkje er snakk om å tvinga ei slik ordning på institutt eller fagmiljø. Dei to ulike variantane som er skisserte under A (postdoktor) og B (førsteamanuensis) er uklart formulerte. Framlegget om førtiårsgrense blir fjerna frå høyringsfråsegna.

Vedtak (samrøystes): Rådet stiller seg positivt til å opna for å prøva ut ei ordning med tilsetjing i innstegsstillingar. Instituttleiar får fullmakt til å formulera ut høyringsfråsegna frå Institutt for framandspråk og be om oppklaring av uklare punkt.

Høyringsfråsegna frå instituttet vert send ut til medlemane av rådet, til orientering.

Sak 5 - ymse

Jørgensen tok opp at instituttet manglar gode og hygieniske kjøkkenfasilitetar, og ho meinte kantina burde ha lengre opningstider. Instituttleiar viste til at instituttet har søkt om å få laga ein kjøkkenkrok utanfor lunsjrommet på 222 i HF-bygget. Haugland og Henjum bad om at det òg vart montert ein kjøkkenvask i tredje høgda. Instituttleiar ønskte ei samanslåing av romma 216 og 217 til eit nytt samlingsrom.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef